**Statens vegvesen**

Tor Dagestad
Neståsvegen 88
5708 VOSS

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Hilde Gunn Stenseth / 56520207 | 16/102576-2 | | 18.07.2016 |

## Statens vegvesen sitt foreløpige svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - tilbygg - Fv. 314 - gnr. 250 bnr. 13 - Voss kommune

Viser til søknad frå dykk.

Statens vegvesen har ikkje noko mot ein eventuell dispensasjon frå byggjegrense i denne saka, men me er oppteken av trafikktryggleiken langs fylkesvegn (Fv.) 314. Me har gått gjennom dykkar søknad, sett på vedlagte kart, sett på bilete på Googlemaps og gått gjennom eigne vegbilete. Me kan ikkje finna nokon parkering som hører til denne hytteeigedomen. Me har heller ikkje i vårt arkiv funne løyve til parkering for denne eigedomen. Me lurer difor på kor de parkerer når de er på hytta og kva tilkomst de nyttar i dag. Lovleg parkering og tilkomst må vera i orden før me eventuelt kan gje dispensasjon frå byggjegrense.

Etter de har gitt oss attendemelding på våre merknadar/spørsmål, vil me ta opp til handsaming dykkar søknad om dispensasjon frå byggjegrense.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*


| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | Flyplassvegen | Statens vegvesen |
| Region vest | firmapost-vest@vegvesen.no | 5705 VOSS | Landsdekkende regnskap |
| Askedalen 4 | | | |
| 6863 LEIKANGER | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |